

ÅRSMELDING

2016–2017



Førde Arbeidarparti

Innhald

1.0 ÅRSMØTET	4
1.1 Valnemnda bestod av:	4
1.2 Årsmøtet vedtok følgjande saker:	4
1.3 Val av styre:	4
2.0 VERV OG REPRESENTASJON	5
2.1 Verv i Førde Arbeidarparti	5
2.2 Verv i Sogn og Fjordane Arbeidarparti	5
3.0 ARBEID I STYRET, MEDLEMSMØTER OG UTVAL	6
3.1 Styret sitt arbeid	6
3.2 Medlemsmøte	6
3.3. Integreringsutvalet	6
3.4. Førde Ap 100 år - historienemnda	6
4.0 ARRANGEMENT I REGI AV FØRDE ARBEIDARPARTI	6
4.1 Første mai-frokost (sjå meir under punkt 5.2)	7
4.2. Ope møte om regionreforma 18. november	7
4.3. Julebord 16. desember	7
5.0 ANDRE MØTER, ARRANGEMENT OG SAMLINGAR DER FØRDE ARBEIDARPARTI HAR DELTEKE	7
5.1 Fylkesårsmøte i Sogn og Fjordane Arbeidarparti	7
5.2 Første mai arrangement	7
5.3. Nominasjonsmøte i Sogn og Fjordane Arbeidarparti 5. november 2016	8
5.4. Representantskapsmøte i Sogn og Fjordane Arbeidarparti 24. november 2016	8
5.5 Faglegpolitisk konferanse mellom LO og Arbeidarpartiet.	8
5.6 Felles styremøte mellom Ap-laga i Naustdal, Gaular, Jølster og Førde	8
5.7 Andre arrangement	9
6.0 ØKONOMI	9
7.0 MEDLEMSUTVIKLING	9
SIGNERING	10

1.0 ÅRSMØTET

Førde Arbeidarparti heldt årsmøte tysdag 26. januar 2016 ved Førdehuset i utstillingssalen.

Partileiar Thor Erlend Mehammer opna møtet med tale.

Hovudgjest og innleiar: Karianne Torvanger, leiar av hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane fylkesting

Innleiartema: Utdanning og skulebruksplan i Sogn og Fjordane.

Møteleiar: Kari Valle

Sekretær: Lena Haveland

1.1 Valnemnda bestod av:

Harald Bjarte Reite, Ivar Svensøy og Gro Indrebø

1.2 Årsmøtet vedtok følgjande saker:

- Frivilligheitspolitikk i Førde
- Slå ring om overgrepsmottaket i Førde
- Avskilting av lærarar
- Fullverdig gang- og sykkelveg frå Farsund til Moskog
- Ei god integrering
- Nei til folkeavrøysting i samband med kommunereform

1.3 Val av styre:

Partistyre	Representant	
Leiar	Thor Erlend Mehammer	Til 2017
Nestleiar	Arnhild Sollid Laukeland	Til 2018
Sekretær	Johan Kåre Kjerstad	Til 2017
Kasserar	Sveinung Søreide	Til 2017
Medlem	Silje Skaar Sunde	Til 2017
Studieleiar	Geir Leon Hetle	Til 2018
Medlem	Anne Lise Bekjorden	Til 2018
Medlem	Kari Daltveit	Til 2018
Medlem, AUF	Jostein Vedvik	Til 2017
1.Vara	Ivar Svensøy	Til 2017
2.Vara	Kari Valle	Til 2017
3.Vara	Lidvin Osland	Til 2017
4. Vara	Aud Østerbø	Til 2017

5. vara og personleg AUF vara	Sindre Hornnes	Til 2017
--------------------------------------	----------------	----------

2.0 VERV OG REPRESENTASJON

2.1 Verv i Førde Arbeidarparti

REPRESENTANTER I FORSKJELLIGE ORGAN I FØRDE AP		
Leiar av Integreringsutvalet	Justin Mulindabigwi	
Bystyregruppeleiar	Ivar Svensøy hausten 2015 t.o.m. våren 2016. Helge Robert Midtbø frå hausten 2016.	
100-års jubileum Førde Ap - gruppa	Ivar Svensøy Hjørdis Hagen Hans Bruland Erik Torp Nilssen	
Fellesutval mellom Naustdal Ap, Jølster Ap, Gaular Ap og Førde Ap	Thor Erlend Mehammer Silje Skaar Sunde Sindre Hornnes (AUF)	

2.2 Verv i Sogn og Fjordane Arbeidarparti

REPRESENTANTAR I FORSKJELLIGE ORGAN I SOGN OG FJORDANE ARBEIDARPARTI	
Partistyret i S&F Ap	Arnhild Sollid Laukeland
Fylkestingsgruppa i S&F Ap	Harald Bjarte Reite
Kvinnenettverket i S&F Ap	
Valnemnda i S&F AP fylkesårsmøte 2016	Mari Constanse Baardsen
Internasjonalt utval S&F Ap	Ivar Svensøy og Arnhild Sollid Laukeland
Kvinner på topp	Kari Valle
Nominasjonsnemnda i S&F Ap	Harald Bjarte Reite

3.0 ARBEID I STYRET, MEDLEMSMØTER OG UTVAL

3.1 Styret sitt arbeid

Det er arrangert 11 styremøter i løpet av årsmøteperioden, derav to har vore i lag med bystyregruppa og tre med ymse delegasjonar.

3.2 Medlemsmøte

- Medlemsmøte 8.6.2016 - Økonomiplanen og programarbeid Arbeidarpartiet i Norge
- Medlemsmøte 24.8.2016 - Nominasjon stortingskandidat, kommunesamanslåing og samanslåing av partilaga i Naustdal, Gaular, Jølster og Førde
- Medlemsmøte 4.10.2016 - Regionreforma (vestlandsregionen) og status nominasjonsprosessen.
- Medlemsmøte 18.10.2016 - Status nominasjonsprosessen.
- Medlemsmøte 23.11.2016 - Handsaming og innsending av landsmøtesaker.
- Medlemsmøte 6.12.2016 - Kommunebudsjett

3.3. Integreringsutvalet

Integreringsutvalet leia av Justin Mulindabigwi har gjennomført fire møter: 11. januar, 14. mars, 30. mai og 3. oktober

I møte 11. januar deltok Knut Johansen og heldt ei innleiing om barnevernet, og korleis dei jobbar, då spesielt oppimot migrantar og integrering.

I møte 30. mai møtte NAV v/Magne Kjetil Berg, leiar. Han innleia om statusen i Førde knytt til arbeidsløyse blant innvandrarar, kva prosessar og tiltak som innvandrarar kan nytte seg av m.m.

3.4. Førde Ap 100 år - historienemnda

Utvalet har hittil innhenta protokollar, årsmeldingar m.m. som syner til aktiviteten Førde Arbeidaparti har hatt i desse 100 åra. I første omgang har dei sett spesielt på dei første tiåra før andre verdskrig. Målsettinga er å produsere eit skriv, eventuelt bok om mogleg som skildrar Førde Arbeidaparti sine 100 år.

4.0 ARRANGEMENT I REGI AV FØRDE ARBEIDARPARTI

4.1 Første mai-frokost (sjå meir under punkt 5.2)

4.2. Ope møte om regionreforma 18. november

Åshild Kjelsnes var innleiar. Det var om lag 20 oppmøtte.

Åshild fekk mange gode tilbakemeldingar for arbeidet som er lagt ned, og dei ansvarlege som framforhandla intensjonsavtalen fekk mykje honør for deira innsats.

4.3. Julebord 16. desember

Vi arrangerte julebord i lokala til Fagforbundet og tinga mat hjå Sunnfjord Catering. Vi tok 400,– per person for å dekke inn kostnader knytt til mat. Lokala fekk vi låne gratis.

Arrangementet var for medlemmar av Førde, Naustdal, Gaular og Jølster Arbeidarparti. Dette vart gjort som eit tiltak for å styrke samarbeidet då vi i 2018 skal slå laga i hop.

Vi var totalt 15 personar, og tilbakemeldingane var at dette var svært kjekt og bør gjerast igjen.

Vi møtte derimot litt utfordringar knytt til å finne høveleg dato. Neste gong bør vi prøve å arrangere julebordet litt tidlegare i desember, eventuelt slutten av november.

5.0 ANDRE MØTER, ARRANGEMENT OG SAMLINGAR DER FØRDE ARBEIDARPARTI HAR DELTEKE

5.1 Fylkesårsmøte i Sogn og Fjordane Arbeidarparti

Sogn og Fjordane Arbeidarparti avheldt sitt årsmøte 5. til 6. mars 2016. Førde Ap deltok med ein historisk stor delegasjon på heile 11 delegatar. Fleire var på talarstolen og Førde Ap viste seg godt fram.

5.2 Første mai arrangement

Vi arrangerte 1. mai-frokost der 1. mai-komiteen, Førde SV, nabolaga og hovudtalar frå Norsk Folkehjelp var invitert. Frokosten fann stad på Røde Kors-bygget i kantina. Her hadde vi appell av Reidar Fugle Nordhaug, fylkesleiar i AUF og bystyrerepresentant i Førde for Arbeidarpartiet. I tillegg delte Finn Erik Thoresen – leiar av Norsk Folkehjelp i Noreg – mange gode ord og opna for

diskusjon knytt til arbeidarrørsla historia og utviklinga som har vore i Noreg.

Etter frokosten gjekk vi saman til rådhuset der 1. mai-komiteen starta årets 1. mai-arrangement. Elin Løset Vie opna arrangementet med tale. Helge Robert Midtbø, bystyrerepresentant for Førde Arbeidarparti var konferansier. Reidar Fugle Nordhaug heldt appell ved rådhuset. Vi gjekk i tog vidare til Førdehuset. Finn Erik Thoresen heldt hovudtalen. Det var kulturinnslag med Kjell Kjellen.

5.3. Nominasjonsmøte i Sogn og Fjordane Arbeidarparti 5. november 2016

Etter 6 månaders arbeid for å sikre Helge Robert Midtbø ein best mogleg plassering, fekk vi han inn på ein svært god tredjeplass. Dette var ein plass som vart gjeve oss av ein svært raus Torbjørn Vereide, som i utgangspunktet var innstilt til denne plasseringa av nominasjonsnemnda.

Vi deltok på møtet med 11 delegatar, og Ivar Svensøy heldt tale. Han fortalte at vi i utgangspunktet ikkje var nøgde med prosessen, men er godt nøgd med resultatet. Det viktigaste er samarbeidet som vi kjem til å nytte oss av vidare i valkampen.

Helge Robert vart nominert til tredjeplassen på stortingslista til Sogn og Fjordane Arbeidarparti.

5.4. Representantskapsmøte i Sogn og Fjordane Arbeidarparti 24. november 2016

Regionreforma og vestlandsregionen var tema for dagen. Det skulle bli gjort vedtak rundt kva fylkestingsgruppa skulle votere under handsaming i fylkestinget.

Vi var 6 stk. som møtte på representantskapsmøte. Thor Erlend tok ordet under debatten og fremja då Førde Arbeidarparti sitt syn på saka.

Det blei eit stort fleirtal FOR vestlandsregionen og intensjonsavtalen.

5.5 Faglegpolitisk konferanse mellom LO og Arbeidarpartiet.

Vi hadde fire deltakarar frå Førde Arbeidarparti: Kari Daltveit, Sølvi Hopkinson, Reidar Fugle Nordhaug og Jostein Vedvik.

Tema var blant anna:

- Stortingsvalet 2017 – korleis skal Ap vinne valet?
- Samarbeid mellom Fagforbundet og Arbeidarpartiet i valkampen.
- Samarbeid mellom AUF og LO ungdomsutvalg i valkampen.
- Endra arbeidsliv med synkende organisasjonsgrad, lausare arbeidsavtaler og sosial dumping.

5.6 Felles styremøte mellom Ap-laga i Naustdal, Gaular, Jølster og Førde

18. august vart styra i dei respektive laga kalla inn til eit fellesmøte. Partikontoret stod for arrangementet og hadde gjest frå sentralt. Målsettinga var for dei fire laga å einast om ein

prosess framover, og korleis nå dei måla som vert sett. Det vart oppretta eit fellesutval, der Thor Erlend Mehammer og Silje Skaar Sunde sit for Førde Ap, og Sindre Hornnes sit for Førde AUF (som femner om alle dei respektive kommunane).

5.7 Andre arrangement

6.0 ØKONOMI

Budsjett for 2016:

76 000,00 NOK i inntekter

52 700,00 NOK i utgifter

Resultat: 23 300 NOK

Rekneskap for 2016:

61 206,29 NOK i inntekter

55 560,13 NOK i utgifter

Resultat: 5 646,16 NOK

Balanse per 31.12.2016

Eigenkapital: 198 972,01

Eigendelar:

Bank 37000711439: 25 881,01 NOK

Bank 37001585232: 173 091,00 NOK

Sum eigendelar: 198 972,01 NOK

7.0 MEDLEMSUTVIKLING

Vi har ikkje klart å nå målet vårt for 2016, men har halde oss stabilt mellom forfjorårets resultat og fjorårets resultat på høvevis 162 og 191 medlemmer. Per 31.12.2016 har vi 169 betalande medlemmer.

Målet vårt er auka medlemsmasse. Vi meiner det er ein viktig styrke for partiet å ha mange medlemmer med ulik sosial og fagleg bakgrunn. Dette gir oss breidde, og bidreg til god politisk handsaming.

Det er også viktig for oss å vere store mtp. storleiken på delegasjonen til fylkesårsmøtet, nominasjonsmøte, representantskapsmøte m.m.

Gjennom 2016 har òg Førde AUF som førre år, gjort ein kjempejobb for å halde på ein historisk medlemsvekst. Dei har i dag 73 medlemmar som tilhøyre Førde Arbeidarparti.

Samla sett har Førde Arbeidarparti 242 betalande medlemmar per 31.12.2016. Dette gjer at vi er det tredje største partilaget i Sogn og Fjordane, og har såleis 10 delegatar til fylkesårsmøte.

SIGNERING

Thor Erlend Mehammer

Arnhild Sollid Laukeland

Johan Kåre Kjerstad

Sveinung Søreide

Geir Leon Hetle

Kari Daltveit

Anne Lise Bekjorden

Silje Skaar Sunde

Jostein Vedvik